

Oppdragsrapport 2011/19
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4002 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2011

Arkeologisk undersøking av treskipa langhus og branngrav frå folkevandringstid / merovingartid og etterreformatoriske steinsette grøfter i Fedjedalen

Fedjedalen, gnr. 3 / bnr. 75, Haugesund k.

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Rapport til topografisk arkiv



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Vår ref.: Sakshandsamar: Arkivkode Dato:
Helge Sørheim, Am 613 19.05.11

Kommune: Haugesund
Gardsnamn: Fedjedalen
Gnr: 3
Bnr: 75
Lokalitetsnamn: Fedjedalen
Tiltakshavar: Berge Sag og Trelast AS
Adresse: Gjerdevik, 5582 Ølensvåg

Saka sitt namn: Fedjedalen
Fu saksnr: 02/2009
Brevjournalnr: 08/00159
ID (Askeladden): 114877 (RFK 2007)
UTM: 32VKL923917
N6591481/
Ø292070

Flyfotoreg. nr: 7340 E8 (X4)
Fornminnenr: 5-8979
Kartblad: 1113 I AG 033-5-2
H o h: 70 m

Aksesjonsnr: 2010/22
Museumsnr: S 12606 (busetnadsområde / treskipa langhus), S12621 (branngrav)
Natvit. prøvenr: 2010/05
Fotonr: 99154 - 99493

Registrering: Kulturseksjonen i Rogaland fylkeskommune, 07. 09. 2007
Av: Jens Flemming Krøger
Feltundersøking: Am/UiS, 31. 05. - 25. 06. 2010
Ved: Even Bjørdal (feltleiar), Yvonne Dahl (feltass.), Eva Thäte (feltass.) og Maryon Østhus (feltass.)
Rapport: Ferdig utforma 19. 05. 2011 av Even Bjørdal

Gjeld: Arkeologisk undersøking regi av Arkeologisk museum (Am) /UiS i samband med frigjeving av registrerte automatisk freda kulturminne i Fedjedalen gnr 3, bnr 75 i Haugesund k. Det undersøkte arealet ligg innanfor eit planområde der det skal byggjast nye bustadar. Den arkeologiske undersøkinga påviste restar av ei enkel branngrav, fleire bruksfasar av eit treskipa langhus frå yngre romartid - folkevandringstid, eit antal kokegropar og forhistoriske gjenstandar (truleg frå folkevandringstid og merovingartid) og grøfter og gjenstandsfunn som stammar frå 1700 - talet eller tidleg på 1800 -talet.

Innhaldsoversyn

1. Samandrag (s. 5)
2. Bakgrunn for undersøkinga (s. 6)
3. Lokalisering av undersøkingsområdet (s. 7)
4. Registrerte kulturminne og funn frå Fedjedalen og nærområdet (s. 8)
 - 4.1 Faste kulturminne og arkeologiske registreringar (s. 8)
 - 4.2 Gjenstandsfunn (s. 8)
5. Problemstillingar og føremål i samband med undersøkinga (s. 9)
6. Tidsrom og deltakarar (s. 9)
7. Metode, prosess og strukturar (s. 10)
 - 7.1 Innleiande fase av feltarbeidet (s. 10)
 - 7.2 Området ved jordkjellaren (s. 10)
 - 7.3. Områda med kokegroper mot Ø og NØ (s. 11)
 - 7.4 Området med steinsatte grøfter lengst mot V (s. 12)
 - 7.5 Busetnadsspor frå fleirfasa treskipa langhus frå folkevandringstid og ei enkel branngrav (s. 13)
 - 7.5.1 Innleiing (s. 13)
 - 7.5.2 Eldstadar (s. 14)
 - 7.5.3 Steinleggingar / golv (s. 14)
 - 7.5.4 Grøfter og veggstolpar (s. 17)
 - 7.5.5 Takberande stolpar og grinder (s. 18)
 - 7.5.6 Øvrige anleggsspor innan langhuskonteksten (s. 20)
 - 7.5.7 Langhusa si lengde og breidde (s. 21)
 - 7.5.8 Ei enkel branngrav i stolpeholkskontekst (s. 21)
 - 7.6 Dokumentasjonsmetodar: innmåling, fotografering, teikning m.m. (s. 22)
 - 7.7 Funninnsamling (s. 23)
 - 7.8 Naturvitskaplege prøver (s. 23)
8. Kort om nokre kjeldekritiske aspekt (s. 23)
9. Funnmaterialet (s. 24)
 - 9.1 Funn knytt til enkel kremasjonsgrav i struktur 1986 (S 12621) (s. 24)
 - 9.2 Funn frå det øvrige busetnadsområdet ved treskipa langhus (S 12606) (s. 25)
 - 9.2.1 Funn påvist innan treskipa langhus (s. 25)
 - 9.2.2 Funn frå område med kokegroper aust om treskipa langhus (s. 26)
 - 9.2.3 Funn frå område med etterreformatoriske grøfter vest om treskipa langhus (s. 27)
10. Det naturvitskaplege materialet (s. 28)
 - 10.1 Botaniske analyser (s. 28)
 - 10.2 Om beinmaterialet (s. 29)
 - 10.3 14C - dateringar (s. 29)
11. Tolking (s. 29)
12. Formidling og publikumskontakt (s. 30)
13. Litteratur og korrespondanse (s. 31)

Vedlegg:

Vedlegg 1	Fotoliste
Vedlegg 2	Liste over strukturar / anleggsspor
Vedlegg 3	Funnliste
Vedlegg 4	Katalog
Vedlegg 5	Liste over teikningar
Vedlegg 6	Liste over naturvitskaplege prøver
Vedlegg 7	Vedartsanalyserapport 2011/02 v/ J. E. Amundsen, Am
Vedlegg 8	Botanisk rapport 2011/14 v/ Christin Jensen, Am
Vedlegg 9	Oversynskart som viser planområdet i høve til Haugesund sentrum. Lokaliseringa av undersøkingsområdet i Fedjedalen er markert med svart og kvit sirkel
Vedlegg 10	Oversynskart frå databasen Askeladden
Vedlegg 11	Planteikning som viser undersøkingsområdet med Felt 1 og Felt 2
Vedlegg 12	Planteikning som viser den sentrale delen av Felt 1 med anleggsspora
Vedlegg 13	Planteikning som viser berre langhusfasane
Vedlegg 14	Planteikning lagt over utsnitt av luftfoto frå Fedjedalen
Vedlegg 15	Profilteikning av sentraleldstadsområde 1620 i treskipa langhus
Vedlegg 16	Profilteikning av grop 1028 og branngrav 1986
Vedlegg 17	Faksimile av avisartiklar om utgravinga
Vedlegg 18	Om 14 C - dateringane

Figurar:

Fig. 1	Undersøkingsområdet sett mot SØ. (s.6)
Fig. 2	Undersøkingsområdet sett mot NV. (s.6)
Fig. 3	Kartmateriale med 3D - effekt. Markøren viser undersøkingsområdet i Fedjedalen. E 134 til høgre. Utsyn mot ØNØ. Utsnitt henta frå kart.finn.no/3d (s.7)
Fig. 4-6	Maryon Østhus, Yvonne Dahl og Olle Hemdorff undervegs i utgravingsarbeidet. (s.9)
Fig. 7	Maskinell flateavdekking i området ved jordkjellaren. Mot S. (s.10)
Fig. 8	Even Bjørdal brukar totalstasjonen. (s.10)
Fig. 9	Undersøking av kokegropsområde Ø om langhus. I framgrunnen steinlegging 738 før opprensing. Mot Ø. (s.11)
Fig. 10	Opprens av området med grøftene 794 og 813. Mot NNØ. (s.12)
Fig. 11	Grøftene 813 og 833 etter opprensing. Mot V. (s.12)
Fig. 12	Fleirfasa eldstadsområde 1620 etter opprensing. Mot V. (s.14)
Fig. 13	Profilsnitt av 1620 viser fleire fasar. Mot ØNØ. (s.14)
Fig. 14	Steinlegging 738 etter opprensing. Mot V. (s.15)
Fig. 15	738 etter opprensing. Sth. 359 nede til venstre. Mot Ø. (s.15)

- Fig. 16 Steinlegging 1051 til venstre, gropene 1788 og 1803 lenger til høgre og kisteveit 763 lengst til høgre. Mot NNØ. (s.16)
- Fig. 17 Profilsnitt gjennom 1051, 1788 og 1803. Stolpehol 1669 og 1700 kjem til syne lengst til venstre. Mot NNØ. (s.17)
- Fig. 18 Utsnitt av grøftene 1101,1128 og 1146 etter opprensing. Mot NNV. (s.18)
- Fig. 19 Hemdorff tek ut pollenprøver ved 2AK 200. (s.18)
- Fig. 20 Profilsnitt gjennom takberande stolpe 1010 (venstre) og 1019. Tydelege skoningssteinar og stolpeavtrykk. Mot V. (s.19)
- Fig. 21 Takberande st. 368 etter opprens. Mot SSØ. (s.20)
- Fig. 22 Takberande st. 690/2511 m/treverk. Mot NNV. (s.20)
- Fig. 23 St. 1857 (venstre) og grop 1028 etter opprensing. Mot NNV. (s.22)
- Fig. 24 Profilsnitt av 1028. 1986 i høgre del. Mot N. (s.22)
- Fig. 25 Undervegs i utgravinga av 1028 og 1986: forsøk på rekonstruksjon av steinar i massa. 1986 til høgre. Mot N. (s.22)
- Fig. 26 Fragment frå kremerte menneskefingrar. Foto: T. Tveit, Am. (s. 22)
- Fig. 27 S 8643 a og b (venstre). Foto: Terje Tveit, Am. (s.25)
- Fig. 28 S 12606.1. Foto: Nathalie Hanna, Am. (s.25)
- Fig. 29 St. 450 (venstre) og vevlodd S 12606.4 in situ. Mot ØNØ. (s.26)
- Fig. 30 Vevlodd S 12606.4 før transport til Am. (s.26)
- Fig. 31 Bronseknapp S 12606.7 etter konservering. Foto: Nathalie Hanna, Am. (s.27)
- Fig. 32 Christian 7. sitt monogram. (s.27)
- Fig. 33 Bakstehellefragment S 12606.3 i sørenden av grøft 794, fragmentet er snudd. Mot NNØ. (s.27)
- Fig. 34 Takb. sth. 359; skoningssteinar og treverk in situ. Mot SØ. (s.28)
- Fig. 35 Framrensa stolperest frå st. 359. Foto: T. Tveit, Am. (s.28)
- Fig. 36 Framrensa stolperest frå st. 359. Foto: T. Tveit, Am. (s.29)
- Fig. 37 Oversynsfoto av langhus. Markørar på takb. st. og eldstadar, og grøftene 1101,1128,1146 og 1612 markert med band. Mot NNV. (s.30)

1. Samandrag

Saka gjeld arkeologisk utgraving av kulturminne på garden Fedjedalen (gnr 3, bnr 75) i Haugesund kommune. Eit samla areal på ca 1200 m² blei undersøkt, fordelt på eit hovudfelt (Felt 1) og eit mindre felt (Felt 2). Dei registrerte kulturminna (Askeladden ID 114877) var blitt frigjeve til eit bustadprosjekt i regi av Berge Sag og Trelast A/S på vilkår om arkeologisk undersøking før utbygginga.

Det blei ved utgravinga i regi av Am / UiS i løpet av perioden 31. 05. - 25. 06. 2010 funne anleggsspor / strukturar og gjenstandar frå yngre romartid (150 - 400 e. Kr.), folkevandringstid (400 - 550 e. Kr.), merovingartid (550 - 800 e. Kr.) og etterreformatorisk tid (1537 e. Kr. - notid) på Felt 1. Det vesle Felt 2, lengst mot søraust innan undersøkingsområdet, var utan anleggsspor og gjenstandsfunn.

Eit stort antal anleggsspor som stolpehol, groper, steinleggingar og eldstadar er tolka å tilhøyre eit grindbygd, treskipa langhus med to bruksfasar. Utforminga av langhuset, saman med funn av godt daterbare keramikkskår frå dekorerte, spannforma kar, tyder på at bygningane her var i bruk i yngre romartid - folkevandringstid. Det vart funne bevarte restar av treverk frå to av dei takberande stolpane frå langhusa. Desse stolperestane blei grave fram, gipsa inn og teke inn til Am for vidare utgraving og konservering.

I tilknytning til ei grop som etter alt å døme har innehalde nedgravinga for ein takberande stolpe tilhøyrande eit av langhusa, blei det påvist fleire brente bein, deriblant fragment av kremerte menneskefingrar frå ein vaksen person, og ein mogleg amulettstein. Dette er tolka som restar frå ei enkel branngrav, ei grav som mest truleg er samstundes med eller frå like etter bruken av langhusa.

I det slakt skrånande terrenget aust om langhusa, vart det funne 18 kokegroper. Dei låg i to klynger, ei i den nordaustlege delen av Felt 1 og ei noko lenger sør, ved kanten av eit myrdrag. Nokre av kokegropene i den sørlege klynga blei påvist allereie ved Rogaland fylkeskommune si registreringsgraving i 2007 (jf. Krøger 2007). Prøvemateriale av trekol frå ei av desse kokegropene vart då sendt til 14C - datering, og resultatet viser at kokegropa var i bruk i merovingartid.

Lengst mot nordvest på Felt 1 fann ein to relativt like, steinsette grøfter med innslag av brent masse, jernfragment, slagg og gjenstandsfunn frå etterreformatorisk tid. Blant funna her var mellom anna nokre bitar frå kritpiper, eit fragment av ein nøkkel av jern og ein bronseknapp med Kong Christian 7. av Danmark - Norge (konge i perioden 1766 - 1808) sitt monogram.

Det er blitt sendt inn to prøver til 14C - datering frå den arkeologiske undersøkinga. Prøva med trekol frå sentraleldstodområdet innan langhusa stammar frå den første delen av folkevandringstida, medan prøva med bevart treverk frå ein takberande stolpe viser at det aktuelle treet vart hogd i yngre romartid.

2. Bakgrunn for undersøkinga

Saka omhandlar arkeologisk undersøking regi av Am i samband med frigjeving av område med registrerte automatisk freda kulturminne (ID 114877, jf. vedlegg 10) i Fedjedalen gnr 3, bnr 75 i Haugesund kommune. Det undersøkte arealet ligg innanfor eit planområde der det skal byggjast nye bustadar.

Ved Rogaland fylkeskommune (RFK) sitt registreringssøk i det aktuelle området i september 2007, vart det grave to sjakter med maskin (jf. Krøger 2007). Sjaktene hadde ei breidde på to - tre meter, lengda var høvesvis 24 meter (sjakt 1) og 14, 5 meter (sjakt 2). I den nordvestlegaste delen av sjakt 1 blei det påvist tre veiter, seks trekolhaldige strukturar som vart tolka som kokegroper og ei steinlegging med større, helleliknande steinar. Elles var det fleire moderne forstyrningar innan sjakta. Sjakt 2 inneheldt berre ei leirhaldig undergrunnsmasse prega av fleire innslag av påverknad frå moderne tid.

I 1960 leverte Leif Berg frå Skåre i Haugesund inn til Stavanger museum to spinnehjul (museumsnummer S 4683 a og b, ID 43969) som nok stammar frå den same vesle flata som registreringssøket fann stad i 2007. Spinnehjula hadde blitt funne ved pløying, men det er uavklart om dei blei funne saman eller ikkje (jf. fig. 27). Det finst også skriftlege opplysningar (jf. askeladden.ra.no, om ID 43969) om at det skal ha blitt levert inn eit funn av ei støypeform for knappar frå det same området, men denne støypeforma er ikkje registrert med museumsnummer hos Am.

Med bakgrunn i dei påviste automatisk freda kulturminna frå RFK si undersøking i 2007 og den indikasjonen som dei lausfunne spinnehjula gav om forhistorisk busetnad på staden, var det naudsynt med ei meir omfattande arkeologisk undersøking her før området kunne frigjevast av Riksantikvaren til bustadutbygging i samsvar med reguleringsplan for Fedjedalen.



Fig. 1 Undersøkingområdet sett mot SØ.



Fig. 2 Undersøkingområdet sett mot NV.

3. Lokalisering av undersøkingsområdet

Det aktuelle undersøkingsområdet i Fedjedalen er ei relativt lita, oppdyrka eng på ei NV - SØ - gåande terrasseflate i eit elles skrånande og bratt landskap (jf. fig.3). Den noko ujamne flata ligg 69 - 70 m.o.h, medan dalbotnen ligg ca 50 m.o.h. Flata er ca 87 meter lang og med ei største breidde på ca 25 meter. I SØ - delen smalnar flata inn til ei breidde på ca 10 meter og startar gradvis å skråne nedover. Langs V - kanten av området er det fleire stadar grunnfjell i dagen eller like under torva. Den midtre og SØ - lege delen av flata har eit ganske fuktig og myrete preg med leirhaldig undergrunn, og er gjennomskoren av ei rekkje dreneringsgrøfter. Mot N og NV er det klart tørrare og ei meir silt - og sandhaldig undergrunnsmasse.

Like Ø om den midtre delen av undersøkingsområdet, finst det ein brønn. Brønnen ligg inntil ein bergknaus, og er knytt til eit oppkome som kan ha vore brukt også i tidlegare tider.

Ved SV - kanten av den breiaste delen av flata, ca 14 meter frå det moderne bustadhuset på tomta, ligg ein jordkjellar som er bygd inntil ein bergknaus.

Mot N - delen av flata stod eit lite skur som mellom anna fungerte som lager for pålar / staurar. Dette skuret blei demontert og fjerna då det vart klart at det stod over delar av langhusa.

Langs Ø - og SV - kanten av flata er det planta tett med graner. I dag er desse høge tre, og skuggar mykje for utsynet. På NV - enden av flata står det også eit tett, lite skogholt. Utan desse trea, ville ein ha hatt vidt utsyn mot S, V og NV.

I dalbotnen om lag 40 meter S for undersøkingsområdet går Skjoldavegen, og noko lenger borte ligg E 134 som er ei viktig trafikkåre mellom Haugesund og Akسدal.



Fig. 3 Kartmateriale med 3D - effekt. Markøren viser undersøkingsområdet i Fedjedalen. E 134 til høgre. Utsyn mot ØNØ. Utsnitt henta frå kart.finn.no/3d/

4. Registrerte kulturminne og funn frå Fedjedalen og nærområdet

4.1 Faste kulturminne og arkeologiske registreringar

Det finst i dag ingen synlege, bevarte kulturminne knytt til garden Fedjedalen eller i nærområdet.

Det har tidlegare blitt utført nokre arkeologiske registreringar i regi av RFK og AmS som har påvist spor etter forhistorisk aktivitet i området Fedjedalen / Skåredalen / Ørpetveit:

I 1995 blei det grave 41 prøvestikk i samband med reguleringsplan for Skåredalen Sør, RL 1162. Ein såg først og fremst etter spor frå steinalderen, sidan funn frå denne perioden tidlegare var gjort på Ørpetveit gnr 2 / bnr 2. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne ved denne undersøkinga (jf. Johnsrud 1995).

I 1997 og 1998 vart det grave sjakter med maskin i samband med kommunedelplan for ny bydel i Skåredalen. Ingen av sjaktene med påviste automatisk freda kulturminne låg i nærleiken av området som vart undersøkt i 2010. Innan [ID 134726](#) (jf. vedlegg 10 og Vevatne 1998a) var det moglege forhistoriske busetnadsspor i tre sjakter, og prøvemateriale frå eit stolpehol er 14C - datert til 985 - 1030 e. Kr, dvs. innan vikingtid (800 - 1050 e. Kr.).

[ID 134731](#) (jf. vedlegg 10 og Vevatne 1998b, 2000) omfattar ein steinalderlokalitet som vart først funne i 1998 og deretter avgrensa ved ytterlegare prøvestikking i 2000. Det vart funne eit brunt, trekolhaldig sandlag og gjenstandsfunn av ei flekke og ein skrapar av flint.

I samband med [ID 134752](#) (jf. vedlegg 10 og Vevatne 1998b) blei det funne restar av tre steinkonstruksjonar med uavklart funksjon. Prøvemateriale knytt til den eine konstruksjonen er 14C - datert til 35 f. Kr. - 120 e. Kr., dvs. overgangen mellom førromersk tid (500 f. Kr. - 1 e. Kr.) og romartid (1 - 400 e. Kr.).

Innan [ID 138546](#) (jf. vedlegg 10 og Vevatne 1998b) vart det ved maskinell sjakting funne to moglege stolpehol. Prøvemateriale frå eitt av dei er 14C - datert 1165 - 1280 e. Kr., dvs. mellomalder (1050 - 1537 e. Kr.).

I 2007 påviste RFK dei automatisk freda kulturminna knytt til [ID 114877](#), dvs. undersøkingsområdet for utgravinga i 2010 (jf. vedlegg 10 og kap. 2).

4.2 Gjenstandsfunn

Det er kome inn få funn til Am frå denne delen av Haugesund kommune. I tillegg til dei to spinnehjula (S 4683 a og b) omtala i kap. 2, er det registrert eit bryne av kvartsitt frå eldre jernalder (500 f. Kr. - 550 e. Kr.). Dette brynet (S 6499) blei levert inn av Gunnar Dalen i 1937, det hadde blitt funne ved graving for tufta til eit høusehus på gnr. 3 / bnr. 5 i Fedjedalen.

5. Problemstillinger og føremål i samband med undersøkinga

Før undersøkinga tok til, vart det laga ein plan med prioriteringar og retningslinjer for prosjektet. Målsetnaden for utgravinga var ”.. å avdekke, undersøke, dokumentere, datere og tolke de ikke synlige automatisk fredete kulturminnene som vil bli ødelagt ved en evt. utbygging. Naturvitenskaplige undersøkelser i tilknytning til utgravinga vil bli foretatt (makrofossilanalyse, fosfatkarteringer etc.) med sikte på å få et betre tolkingsgrunnlag for de forhistoriske bosetningssporene” (Sørheim 2009: s. 2). Det har blitt utført få arkeologiske undersøkingar og det har kome inn berre eit lite antall gjenstandsfunn i Fedjedalen og det tilgrensande nærområdet. Det vart difor vurdert som viktig å om mogleg å få meir kunnskap om den forhistoriske aktiviteten her, både for Fedjedalen og Haugesund kommune spesielt og for å samanlikne med resultat frå arkeologiske og naturhistoriske undersøkingar frå andre delar av Rogaland.

Det blei utforma fire vegetasjonshistoriske problemstillinger i samband med prosjektet. Det handlar om kva slags form for jordbruk som føregjekk i tilknytning til busetnadsspora, kva type næringsøkonomi menneska her har hatt til ulike tider, kva endringar ein kan sjå i naturmiljø og ressursbruk i forhistoria og kva ein kan seie om livet i og rundt bygningane.

6. Tidsrom og deltakarar

Den arkeologiske undersøkinga fann stad innan perioden 31.05. - 25.06. Utgravarane var feltleiar Even Bjørdal og feltassistentane Yvonne Dahl, Eva Thäte og Maryon Østhus. I tillegg var arkeolog Olle H. Hemdorff frå Am til stades 21. 06. i samband med uttak av pollenprøver og 25. 06. for samtalar med representantar for tiltakshavar og lokalavis (jf. vedlegg 17). Konservator Anke Kobbé frå Am deltok 25. 06. i arbeidet med å grave fram og hente ut restar av takberande stolpar som gipspreparat. Flateavdekkinga med bruk av gravemaskin føregjekk i perioden 01. 06. - 04. 06. Kyndig maskinførar var Rolf A. Robertsen frå RA Maskin AS. Både parallelt med flateavdekkinga og i dagane etter, vart det utført finreinsing, undersøking og dokumentasjon av anleggsspor som kokegropar og stolpehol. Det var for det meste fint opphaldsvær med sol og lite vind.



Fig. 4 - 6 Maryon Østhus, Yvonne Dahl og Olle Hemdorff undervegs i utgravingsarbeidet.

7. Metode, prosess og struktur

7.1 Innleiande fase av feltarbeidet

Det aktuelle området vart undersøkt ved hjelp av maskinell flateavdekking, det vil seie ein prosess der gravemaskina gradvis fjernar matjordlaget ned til undergrunnsmasse medan arkeologane reinsar opp med krafse og graveskei. Eventuelle forhistoriske spor og restar som blir påvist under dette arbeidet, vert markert for vidare undersøking og dokumentasjon seinare. I Fedjedalen vart gravemaskina nytta slik både til å opne ei større samanhengande flate (Felt 1) og eit mindre område (Felt 2) lengst mot SØ (jf. vedlegg 11, 12 og fig. 7). To arkeologar jobba saman med gravemaskina, medan den tredje dreiv med finreinsing og tolking av strukturar som kom til syne i bakken.

Det avdekka arealet var prega av fleire inngrep frå nyare tid, med grøfter for drenering og kablar/røyr. Matjordslaget var jamnt over 20 - 30 cm tjukt. Undergrunnsmassa varierte frå ei gul - oransje til lysbrun blanding av sand, silt og noko grus i den nordre delen av Felt 1, til ei meir lysgrå og leirehaldig masse frå den midtre mot den sørlege delen av Felt 1 og heile Felt 2. Området med innslag av leire var fuktigare enn resten av det aktuelle arealet, og hadde meir preg av myr. Langs den vestlege kanten av undersøkingsområdet stakk grunnfjellet opp fleire stadar.

Etter den maskinelle flateavdekkinga, heldt utgravingsprosessen fram med digital innmåling ved felleiar og tolking av strukturar og deretter vidare utgraving og dokumentasjon av eit utval av desse.



Fig. 7 Maskinell flateavdekking i området ved jordkjellaren. Mot S.



Fig. 8 Even Bjørdal brukar totalstasjonen

7.2 Området ved jordkjellaren

Ein starta først med området inntil jordkjellaren på Felt 1 (jf. vedlegg 11). Ved fjerninga av eit grantre her, blei det i den omrota massa frå rotvelta funne eit dekorert skår av spannforna, klebermagra keramikk (Fnr. 200052, jf. vedlegg 3). Det blei ikkje påvist klare forhistoriske anleggsspor her. Dei to bålrestane 321 og 347 og den steinsatte grøfta 332 som låg like ved jordkjellaren, inneheldt nyare tids teglbitar og er difor tolka til mest truleg å stamme frå etterreformatorisk aktivitet. Desse strukturane var delvis skore ned i laust fjell. I dette området

fanst også ei samling større steinar 2019. Steinane *kan* stamme frå ein menneskeskapt konstruksjon, men det er uavklart.

7.3 Områda med kokegroper mot Ø og NØ

Feltarbeidet forflytta seg så til dei to samlingane med kokegroper som hadde kome til syne ved den innleiande flateavdekkinga (jf. vedlegg 11, 12).

Mot NØ, der terrenget endrar seg frå terrasseflate til stadig brattare skråning oppover, låg seks kokegroper heilt i ytterkanten av Felt 1. To av kokegropene heldt fram inn i feltkantprofilen. Kokegrop 411 vart vald ut for snitting, profildokumentasjon og uttak av 14C - prøve, dei andre strukturane blei berre målt inn og fotografert i plan.

Mot Ø, der den myrete flata går over i bakkeskråning, vart det påvist 12 kokegroper og to restar av kokegroper eller eldstadar. Tre av kokegropene hadde blitt oppdaga ved RFK si sjakting i 2007 (jf. Krøger 2007), og prøvemateriale frå den eine av dei (2007: S 2 = 2010: 212) er 14C - datert til merovingartid. Sju av dei nemnde strukturane (200, 212, 224, 242, 252, 272 og 304 / 293) vart valde ut for snitting og nærmare dokumentasjon og eventuell prøvetaking. I bakkeskråninga og ut mot det fuktigare området på flata, fanst det under grastorvlaget eit grått utvaskingslag 1339 av fin sand og silt og med innslag av trekolbitar. Kokegropene er skore ned i dette laget (jf. fig. 9). For fleire av dei kunne ein sjå at treverket som var nytta som brensel berre var delvis oppbrent. Det vart teke inn trekolprøver frå 200 og 224, i tillegg blei ein svidd pinne frå 200 teken inn.

I tilknytning til snittinga av kokegrop 200 vart det oppretta ein lengre jordprofil for å få fram detaljar i lagdelinga her ved overgangen til det myrete området og for å framskaffe ein høvleg stad å ta ut ein serie av pollenprøver frå dei ulike laga. Ein fann i samband med dette eit skår av leirkar (Fnr. 200030). Profilsnittet vart teikna av feltassistent Yvonne Dahl, medan Olle H. Hemdorff stod for sjølve prøvetakinga og dokumentasjon i samband med denne. Resultata frå den vidare pollenanalysa ved Am er skildra nærmare i kap. 10 og i eigen rapport (jf. Jensen 2011). Ved snittinga av kokegropsresten 224, blei det funne eit brynefragment (Fnr. 200035).



Fig. 9 Undersøking av kokegropsområde Ø om langhus. I framgrunnen steinlegging 738 før opprensing. Mot Ø.

7.4 Området med steinsatte grøfter lengst mot NV

I denne delen av Felt 1 gjekk terrasseflata over i ein låg bergknaus før terrenget skråna raskt nedover mot dalbotnen. Berggrunn stakk opp av undergrunnsmassa fleire stadar. I denne vesle "kroken" av feltet vart det påvist tre steinsatte grøfter, nokre trulege stolpehol og to restar av eldstadar eller kokegroper (jf. vedlegg 12). På grunn av skogholtet mot nord, var det ikkje mogleg å opne opp Felt 1 heilt fram til eigedomsgrensa (jf. 7.5).



Fig. 10 Opprensning av området med grøftene 794 og 813. Mot NNØ. Fig. 11 Grøftene 813 og 833 etter opprensing. Mot V.

Stolpehola og strukturane med brent masse vart berre målt inn med totalstasjonen, dei blei ikkje prioritert undersøkt sidan dei låg utanfor langhusområdet.

Dei steinfylte grøftene var i utgangspunktet vanskelege å tolke, så ein valde å grave dei delvis ut for å få meir kunnskap om bruksfunksjon og alder. Den delen av 794 som låg nord om 844, vart snitta på langs, medan den sørlege delen berre vart reinsa opp på overflata. 813 blei snitta på langs i heile lengda, medan 833 ikkje vart snitta i det heile.

To av grøftene (794 og 813) var relativt like når det gjaldt retning, storleik og innhald, medan den tredje (833) var som ein "miniatyrversjon" av dei andre og hang saman med 813 (jf. fig. 11). Det er uavklart om ein fekk avdekka heile lengda på 813, fordi den nordlegaste delen av grøfta grensar opp mot den moderne grøfta 844 og feltkanten. 794 er kutta i to delar av 844, og held etter alt å døme fram inn i feltkantprofilen mot nord. 794 og 813 er begge 20 - 30 cm breie og ca 20 cm djupe, 794 var ca 5 m lang medan 813 vart påvist i ca 3, 85 m lengde. Den mindre 833 var om lag 84 cm lang og 15 cm brei. Alle dei tre grøftene var nedgravingar fylt opp med eit kompakt innhald av små - mellomstore steinar. Mange av steinane var sett ned på høgkant på systematisk vis. Grøftene skilde seg ut i høve til ein del andre steinbygde kisteveiter for drenering på Felt 1, dreneringsveitene var breiare, bygd med grovare stein og noko tegl og var meir "luftige" i konstruksjonen. Lokaliseringa til 794 og 813 høver heller ikkje godt som vegggrøfter, medan funksjon som lufttekanalar verkar lite truleg grunna den svært kompakte konstruksjonen. 794 hadde noko lysbrun, humushaldig sandmasse mellom steinane, medan 813 var meir prega av brent masse og gråbrun og kvit fin sand. Særleg i området der 833 gjekk saman med 813 var det ein konsentrasjon av trekol. Det vart funne sterkt korroderte jernfragment og noko slag på overflata av og nede i mellom steinane i grøftene 794 og 813, mesteparten frå 813. Dei fleste jernfragmenta er uidentifiserte bitar, men nokre er delar av spikar eller nagle. I samband med 813 vart det også funne glasbitar, fragment frå kritpiper og ein bronseknapp (Fnr. 200071) som truleg stammar frå

siste halvdel av 1700 - talet. Det vart teke ut prøvemateriale frå trekolkonsentrasjonen 1920 innan 813. Interessant nok blei det funne ein bit av ei bakstehelle av skifer (Fnr. 200032) ved den sørlege enden av 794. Truleg har dette fragmentet av ein mellomaldersk gjenstand blitt attbrukt som fyllstein i grøfta.

Den konkrete funksjonen til 794, 813 og 833 er dessverre uavklart, men etter alt å døme har dei vore i bruk ein gong i årtia rundt 1800. Slike etterreformatoriske strukturar og funn er ikkje automatisk freda kulturminne, men kan likevel gje interessant informasjon om den relativt nære fortida.

7.5 Busetnadsspor frå fleirfasa treskipa langhus frå folkevandringstid og ei enkel branngrav

7.5.1 Innleiing

Den sentrale, nordlege delen av terrasseflata i Fedjedalen var dominert av anleggsspor som er tolka å tilhøyre treskipa langhus frå yngre romartid - folkevandringstid. Antalet og lokaliseringa av dei takberande stolpane indikerer at det anten dreier seg om éin, fleirfasa bygning eller to ulike, separate bygningar som har stått om lag på same staden. Det avgrensa arealet med brukbar, tørr undergrunnsmasse som fanst på flata, gjer at dette truleg var den beste, og tilnærma einaste, plassen å setje opp eit langhus. Det er interessant at ein kan påvise dobbelt opp med takberande stolpar knytt til grindene ved sentraleldstadsområdet og sørover til 450 / 459 og 510 / 1251, medan det lenger sør overvegande er enkeltvis med slike stolpehol. Dette kan nemleg indikere at det er berre i den nordlegaste delen av flata det har stått fleire bygningar etter kvarandre i tid, og at dei sørlege stolpehola skal forståast knytt til éitt, lengre langhus (jf. vedlegg 12 - 13).

I samband med snitting av gropa 1028, blei det påtruffe ein del brente bein som har vist seg å vere frå eit menneske. Det synest såleis som at det er sett ned ei kremasjonsgrav 1986 like inntil eller i massa til ein takberande stolpe.

Undervegs i den maskinelle flateavdekkinga blei det klart at det fanst forhistoriske anleggsspor på den nordlege delen av terrasseflata. Her støyte ein mellom anna på steinlegging 1051 og fleire steinskodde stolpehol som til dømes 459. På grunn av skogholtet og leidningsmasta like ved, var det ikkje forsvarleg å grave meir her med maskin. Ved den påfølgjande finrensinga av overflata av anleggsspora, blei det avdekka restar av ein NV - SØ - gåande, treskipa bygning. Det vart mellom anna funne eit enkelt spinnehjul av kleber like ved grop 1028. Mesteparten av anleggsspora vart fotografert i plan i samband med opprensinga, vidare blei eit utval av desse valt ut for snitting med tilhøyrande foto og teikning av profil (jf. vedlegg 2).

Etter at ein del asbesthaldige takplater var blitt frakta vekk av tiltakshavaren, fjerna feltleiar for hand det vesle skuret som enno stod i området (jf. fig. 10). Deretter grov ein med spade og krafse vekk torv og jord for å frileggje fleire anleggsspor. I alt vart det avdekka arealet utvida med ca 5,7 x 4,3 meter på dette viset, ein måtte stoppe når jordmassane ved feltkanten blei for omfattande til å flytte manuelt. Det var tydeleg at skuret og andre moderne innslag som noko oljesøl hadde påverka undergrunnen, men alt i alt var forstyrringane få og avgrensa. Rivinga og

gravinga viste seg å vere verdt slitet, for ein påviste fleire stolpehol, delar av ein truleg sentraleldstad 1652 og framfor alt eit omfattande sentraleldstadorråde 1620.

7.5.2 Eldstadar

Eldstadane låg lengst mot nord innan det avdekka arealet og peikar mot ei funksjonsdeling i høve til området lenger mot sør i langhuset; i den sørlege delen fanst det ingen eldstadar langs midtaksen. 1652 vart berre delvis avdekka og heldt fram inn i felkantprofilen mot nord. Fyllmassa og lokaliseringa sannsynleggjer at 1652 har fungert som sentraleldstad innan langhuskonstruksjonen. Eit langsgåande profilsnitt gjennom 1620 viste klart at det hadde vore fleire fasar (2301, 2313, 2407 m. fl.) i bruken av eldstad her (jf. vedlegg 14), og det blei teke ut i alt tre trekolprøver frå ulike lag. Dei tilgrensande gropene / grøftene 1975 og 2667 kan ha vore nytta i tilknytning til eldstadane, men dette er uavklart. Både sør og nord om sentraleldstadorrådet fanst det ein del små stolpehol, desse kan ha fungert anten som del av skiljeveggjar for rominndeling eller som spesielle konstruksjonar i samband med eldstadsfunksjonen.

I tillegg til eldstaden 1652 og det fleirfasa sentraleldstadorrådet 1620 langs midtaksen, fanst det nokre fleire strukturar (522, 547, 623, 1708) med brent masse innan langhuskonteksten. 522 var truleg ein liten, brent stolpe. 547 var utvilsamt ein liten eldstad / bålrest, men det er uavklart om han stammar frå bruken av bygningane her eller om det er snakk om ein utandørs, frittliggjande struktur som 557 og 566 noko lenger mot vest. 623 låg om lag langs langhusmidtaksen, og den innleiande opprensinga viste ei trekolhaldig masse. Sidan strukturen var relativt liten og ikkje gav inntrykk av å vere ein solid sentraleldstad, blei han ikkje prioritert for vidare undersøking og dokumentasjon. 1708 blei derimot snitta, og viste seg å vere ei ca 10 cm djup grop med sand, nokre skjørbrende steinar og spreidde trekolbitar. Truleg har ikkje 1708 vore ein eigen eldstad, men heller oppstått i samband med bruken av 1620 - området. Det skal her leggast til at mykje av den opprensa overflata frå feltkanten i nord og til sør om 1051 var prega av eit tynt mogleg aktivitetsslag av kvitgrå sand med trekolbitar. Dette laget var på sitt djupaste (ca 5 cm) i området mellom 1620, 1708 og 1975.



Fig. 12 Fleirfasa eldstadorråde 1620 etter opprensing. Mot V. Fig. 13 Profilsnitt av 1620 viser fleire fasar. Mot ØNØ.

7.5.3 Steinleggingar / golv

Det øvrige området knytt til langhuset blei også rensa opp med krafse og graveskei, særleg omfattande var arbeidet med dei to steinleggingane 738 og 1051 (jf. fig. 14 - 17). Desse er tolka som delar av golvstrukturar tilhøyrande langhus.

Steinlegginga 738 omfattar eit golv inne i huset og eit område med større, flate steinar som truleg har fungert som hellelagt inngangsparti frå aust. Nokre av desse hellene blei oppdaga allereie ved RFK si sjaktning i 2007 (jf. Krøger 2007). Dei største hellene var nærmare ein meter lange, og for tunge til å flyttast på for hand slik dei låg delvis over kvarandre. Ein fekk difor dessverre ikkje løfta vekk steinane for å undersøkje massa under dei. Men sidan maskina hadde grave noko for djupt rett på nordsida av hellene, kunne ein sjå at dei verka å kvile på ei delvis påfylt fundamenteringsmasse med innslag av mellomstore steinar. Den moderne grøfta 844 som gjekk til brønnen i aust, skar seg tvers gjennom 738, og ved den sørlege enden av 738 hadde dreneringsgrøfta 699 øydelagt noko av steinlegginga. Over og mellom steinane i den vestlege delen av 738, var det spreidde innslag av trekol, sot og brent sand. Dette *kan* tyde på at huset har brent ned. To trekolsprøver blei teke ut av den brente massen (jf. vedlegg 6). Det blei dessverre ikkje tid til å fjerne steinane i 738, ei slik vidare undersøking kunne ha gjeve meir informasjon om oppbygginga og bruken av denne steinlegginga.

Den solide steinlegginga 738 og fråværet av eldstadar i den sørlege delen av langhuset, *kan* indikere at ein har hatt lager eller fjøsdel i denne enden av bygningen.



Fig. 14 Steinlegging 738 etter opprensing. Mot V.



Fig. 15 738 etter opprensing. St. 359 nede til venstre. Mot Ø.

Steinlegginga 1051 låg like ved den steinfylte gropa 1788 og steinpakninga / gropa 1803, om lag midt mellom dei takberande stolpane i grinda 634 / 645 - 1669 / 1700 og rett S for sentraleldstaden. 1051 er tolka som del av ei golvoverflate, og moglegvis har 1803 hatt ein liknande funksjon. 1788 var derimot ei relativt djup grop med eit omfattande innslag av steinar av hovudstorleik og større. På grunn av knapp tid, valde ein å undersøkje 1051, 1788 og 1803 saman ved å grave ei sjakt tvers over lengderetninga til langhuskonstruksjonen. På dette viset fekk eit langt profilsnitt som både viste djupna på dei tre strukturane og gav informasjon om forholdet

mellom dei. Dette snittet vart både teikna og fotografert, og topp - og botnnivå blei målt inn. Overflata av 1051 var prega av ein del heller og andre steinar som låg med flatsida opp (jf. fig. 16, 17). Den øvrige fyllmassa i den ca 20 cm djupe nedgravinga var lys, humusblanda gråbrun sand. Truleg har både nyare tids pløying og sjølv flateavdekkinga forstyrra 1051 noko, for torv - og jordlaget her var berre om lag 20 cm djupt. Området var likevel godt synleg og skilde seg klart ut i frå undergrunnsmassa rundt. Undervegs i snittinga påviste ein stolpeholet 1700 inne i 1051, dette er blitt tolka som ein fase av takberande stolpe i langhuskonstruksjonen. Stolpeholet 1669 som var synleg inntil den vestre kanten av 1051, har nok hatt same funksjon som 1700 i ein annan fase. Det var noko uklart om 1700 faktisk var dekt av 1051, eller om ein berre ikkje hadde klart å skilje ut skoningssteinar tilhøyrande 1700 frå steinar knytt til 1051. Dei samla observasjonane tyder på at 1700 *har* vore dekt av 1051, noko som sannsynleggjer at dette stolpeholet tilhøyrer ein eldre fase enn 1051 og 1669. Snittet påviste også moglege spor etter to mindre stolpehol, 1516 og 2561. 1516 var diffus både i plan og profil, medan 2561 framstod som eit tydeleg fyllskifte med klart mørkare og meir humushaldig masse enn 1051. Fleire liknande anleggsspor vart målt inn på overflata av 1051, men desse blei ikkje snitta. Det er mogleg at somme av desse har tilhørt ein skiljevegg eller ein annan indre konstruksjon i langhuset.

Det var ingen tydeleg stratigrafisk relasjon mellom 1051 og strukturen 1803 mot aust. Mellom dei var ei smal stripe av lys sand og grus, men også denne stripa skilde seg ut i frå den meir gulbrune undergrunnen, noko som tyder på at ho har kome til ved oppføringa av langhuset. Funksjonen til 1803 er noko uavklart, men lokaliseringa og fyllmassa (mørk sand, skjørbrende og knuste steinar) til denne ca 20 cm djupe nedgravinga indikerer at det kan vere snakk om ei type golvoverflate som 1051. Terrenget skrånar svakt frå 1051 til 1803, dette kan vere naturleg eller spor etter slitasje på overflata av 1803. Snittinga viste at 1803 ikkje kutta nedgravinga for den steinfylte gropa 1788, så desse to strukturane kan ha fungert samstundes.



Fig. 16 Steinlegging 1051 til venstre, gropene 1788 og 1803 lenger til høgre og kisteveit 763 lengst til høgre. Mot NNØ.



Fig. 17 Profilsnitt gjennom 1051, 1788 og 1803. Stolpehol 1669 og 1700 kjem til syne lengst til venstre. Mot NNØ.

7.5.4 Grøfter og veggstolpar

Det vart avdekkja fleire grøfter (1101, 1128, 1146, 1612) som truleg skal forståast knytt til langhuskonteksten som vegggrøfter eller dreneringsgrøfter (jf. fig. 18). Dei hadde ulik bevaringsgrad og noko varierende innhald, men skilde seg ut frå dei andre, tydeleg meir moderne grøftene på flata. I denne samanhengen bør også grøfta 200084 nemnast. Ho blei opprinneleg påvist som ei veit ved RFK si registrering i 2007 (jf. Krøger 2007), og eit oversynsfoto syner liknande gråleg, sandhaldig fyllmasse som 1146. Ved utgravinga i 2010 gjekk ein dessverre noko for djupt med maskina i dette området, så ein skrapte bort det meste av den grunne veita / grøfta. 200084 er difor oppretta i ettertid på basis av foto og planteikning frå 2007. Ein ser på oversynsteikninga (jf. vedlegg 12) at 200084 kan vere ei forlenging av 1146 sør om inngangspartiet til 738 på austsida av langhuskonstruksjonen.

Grøftene 1101 og 1128 låg etter kvarandre i N - S - retning, med ei lita, ca 60 cm opning i mellom dei. 1101 var skoren av den moderne dreneringsgrøfta 763, medan 1128 fall saman med 1146 i området nærmast feltkanten. Det blei lagt eit snitt der 1128 møtte 1146 for å finne ut kva grøft som var eldst og yngst, men massa var for blanda og diffus til å seie noko sikkert om dette. I tillegg vart halvdelen av både 1101 og sørlege 1128 tømt. 1101 og 1128 var begge bevart i ca 10 cm djupne, og inneheldt ei relativt lik fyllmasse av fin, grå sand og silt med trekolbitar. Den sørlege delen av 1101 låg så nær dei takberande stolpane 450 og 459 at grøfta neppe kan ha fungert i samband med ei veggline til langhuset når desse stolpehola var i bruk. Det er såleis uavklart kva funksjon 1101 og 1128 har hatt, og eventuelt kva fase av langhuskonstruksjonen dei skal knytast til.

Grøftene 1146 og 200084 er som nemnt ovanfor tolka som delar av éi, langsgående grøft på den austre sida av langhuskonstruksjonen. Lokaliseringa ville høve både for ei grøft som fungerte som fundament for sjølve veggkonstruksjonen eller for ei dreneringsgrøft lagt parallelt med veggene rett på utsida av huset. I området rett nord og sør for 738 vart det grave noko for djupt i samband med arbeidet med å forstå kva 738 var for noko og for å tømme den attfylde sjakt 1 frå 2007. Men den sørlege delen 200084 er basert på dokumentasjon frå 2007, og når det gjeld området mellom 1146 og 738, blei det ved her flateavdekkinga observert innslag av liknande grå, sandhaldig fyllmasse som i 1146. Funnet av eit skår frå spannforma leirkar i fyllet til 1146, styrker tolkinga om at denne grøfta høyrer til langhuskonteksten. Det vart utført to mindre snitt gjennom den ca 15 cm djupe

1146. Det vart ikkje funne spor etter stolpehol i grøfta. Men dette utelukkar ikkje at vegglina har gått i 1146, til dømes kan stolpane ha vore såpass spinkle at alle spor etter dei er borte, eit anna alternativ er liggande syllstokkar i grøfta. Det vart heller ikkje påvist noko rekkje av mindre veggstolpar på innsida av 1146 og 200084, men det er ikkje uvanleg at ein ikkje finn restar av dei ganske grunne stolpehola for veggane i slike treskipa hus.



Fig. 18 Utsnitt av grøftene 1101,1128 og 1146 etter opprensing. Mot NNV. Fig. 19 Hemdorff tek ut pollenprøver ved ZAK 200

Grøfta 1612 på vestsida av langhuskonstruksjonen var grunn og dårleg bevart. Torv - og jordlaget var på det tynnaste her (berre ca 15 - 20 cm djupt), noko som gjorde anleggsspora sårbare både for pløying og for sjølve flateavdekinga. Fyllmassa av lysgrå sand var berre nokre cm djupt, og forsvann gradvis heilt i den sørlege delen der ein i tillegg har den forstyrrende innverknaden av den moderne grøfta 844. 1612 vart difor i byrjinga rekna som eit heller diffust anleggsspor, men sett saman med 1146 dannar ho eit symmetrisk mønster av grøfter ved langhuskonteksten.

På sørsida av 1612 vart det påvist tre grunne, små stolpehol som låg på rekkje (597, 1217, 1224) og som moglegvis har tilhøyrt den vestlege veggjen til langhuskonstruksjonen. På grunn av tidspress, vart det ikkje prioritert å undersøkje 1612 nærmare.

7.5.5 Takberande stolpar og grinder

Det er påvist spor etter minst 19, moglegvis 20 (struktur 2070 *kan høyre til her*), takberande stolpar tilhøyrande treskipa langhuskonstruksjonar innan Felt 1 (jf. vedlegg 12 - 13). Samtlege 19 stolpehol blei undersøkt nærmare, dei fleste ved snitting. Unntaka var strukturane 359, 690 / 2511, 1700, 2621 og 2629. I samband med 359 og 690 / 2511 vart det påvist såpass omfattande mengder av bevart treverk frå sjølve stolpen at desse to anleggsspora blei teke ut som gipspreparat.

Treverket viste seg å vere furu hos begge stolpane (jf. fig. 34 - 36). 1700 vart dokumentert og så fjerna ved gravinga av det lange snittet for golvet 1051, medan dei to trulege stolpeholsrestane 2621 og 2629 berre blei dokumentert ved planfoto.

Så godt som alle dei takberande stolpane hadde bevart solid skoning med fleire steinar (jf. fig. 21). Undervegs i arbeidet med snitting og dokumentasjon av desse stolpehola, blei det klart at sjølve stolpane hadde ei rektangulær form. Dette var særleg tydeleg ved utforminga av nokre skoningar og stolpeavtrykk, og framfor alt ved den bevarte stolperesten 2511 innan stolpehol 690 (jf. fig. 22). Langsidene i desse rektangla vende mot NV - SØ. I denne samanhengen kan det nemnast at den solide steinskoninga til stolpeholet 2055 (ikkje del av takberande grind, men inne i langhuskonstruksjonen) er tilpassa ein rektangulær stolpe som vender andre vegen, dvs med kortsidene NV - SØ. 2005 kan ha vore del av ein indre skiljevegg. Dei snitta stolpehola viste seg å ha ei djupne på 10 - 30 cm, majoriteten låg på 15 - 20 cm. Avtrykk etter sjølve den takberande stolpen var synleg i samband med fleire av stolpehola, desse avtrykka framstod som ein "kjerne" av mørkare og meir humushaldig masse i den sentrale delen av stolpeholsnedgravinga (jf. fig. 20).



Fig. 20 Profilsnitt gjennom takberande stolpe 1010 (venstre) og 1019. Tydelege skoningssteinar og stolpeavtrykk. Mot V.

Dei takberande stolpane er fordelt på 11-12 (jf. ovanfor om 2070) grinder. Fleire av desse grindene ligg så tett at det er klart at dei ikkje har fungert samstundes innan den same bygningen: anten er dei utskiftningar eller så tilhøyrer dei ulike hus. Dette framgår mest tydeleg i den midtre og nordre delen av langhuskonteksten, der det er færrast med øydeleggjande, moderne forstyrningar. Det *kan* vere at dei klare utskiftningane her indikerer eit skilje mellom eit område mot nord der det har stått fleire bygningar/bygningsfasar og eit område lenger mot sør som berre har blitt brukt innan éin, lengre bygning. Men faktorar som den trulege utskiftninga av takberande stolpe i samband med stolpehol 2621 og 2621 i sør, og den generelt dårlegare bevaringsgrada i den sørlege enden av langhuskonteksten, gjer det vanskeleg å seie noko sikkert om dette. Det maksimale antal grinder som kan ha vore i bruk innan det same langhuset, er 8-9 (jf. ovanfor om 2070).

Avstanden mellom dei to stolpehola innan kvart grindpar er jamt over ca 3 - 3,20 meter (alle mål omtalt her er rekna frå midten av strukturane). Det er større variasjon i avstandane mellom dei ulike grindene, vurderinga av avstand vert også vanskeleggjort av at det ikkje er innlysande kva grunder som var i bruk i same bruksfase. I den vestre delen av grindparet rett sør om eldstadsområdet 1620, er det særleg komplekst; her er gropa 1028, den takberande stolpen 1857 og kremasjonsgrava 1986 innan same kontekst (jf. vedlegg 12, 15). 1857 tangerer sørsida av den større gropa 1028, og det er uavklart kven som var eldst av desse to strukturane. Lokaliseringa av og innhaldet i 1028 indikerer at det iallfall i delar av gropa har vore plassert takberande stolpe. Det som gjer 1028 særleg spesiell og interessant, er at ein ved snittinga traff på ei fyllmasse 1986 med brente menneskebein i den austre delen av nedgravinga.

I samband med det sentrale, fleirfasa eldstadsområdet 1620 er det frå stolpehol 1644 i grinda nord om eldstadane til nærmaste grind sør om 1620 minimum 4,70 meter (til st.h. 1019) og maksimum 5,20 meter (til st.h. 1010).

Eit anna døme kan takast frå den sørlege delen av langhuskonteksten. Dei tre takberande stolpane 359, 2535 og 2511 ligg i kvar sine etterfølgjande grunder, rekna frå nord mot sør. Dei utgjer alle tre det vestlege stolpeholet innan si grind. Avstanden mellom høvesvis 359 - 2535 og 2535 - 2511 er om lag den same, nemleg 3,30 - 3,40 meter. Om dette systemet held fram, vil det passe godt å inkludere den sterkt øydelagte 2070 som ein takberande stolpe i ei endå sørlegare grind.

Om ein ser på dei resterande grindene elles i langhuskonteksten, så lét det seg gjere å setje saman grindpar slik at avstanden mellom samtidige grunder vert ca 3,20 - 3,50 meter. Unntaket er grindene like sør om eldstadsområdet 1620, her verkar avstanden å ha vore kortare.



Fig. 21 Takberande st. 368 etter opprens. Mot SSØ.



Fig. 22 Takberande st. 690/2511 m/ treverk. Mot NNV.

7.5.6 Øvrige anleggspor innan langhuskonteksten

Det blei påvist ytterlegare ein del stolpehol og groper som truleg har oppstått ved aktivitet knytt til busetnaden her i yngre romartid / folkevandringstid (jf. vedlegg 12). Mest interessant er gropa 2045, ei drøyt 20 cm djup nedgraving langs midtaksen av langhuskonstruksjonen med mørk humusblanda sand og grus, trekol, skjorbrende steinar og ein større stein midt i øvre del av

fyllmassa. 2045 inneheldt nemleg også skår av spannforma leirkar og nokre små, uidentifiserte fragment av brente bein. Det er uavklart kva funksjon 2045 har hatt; det kan dreie seg om eit stolpehol, kanskje i tilknytning til ein skiljevegg, eller ei form for enkel gravlegging lik 1986.

7.5.7 Om langhusa si lengde og breidde

Det er ikkje mogleg å rekne ut den totale lengda til bygningane her (jf. vedlegg 13). Anleggsspora held fram inn i profilkanten og nordover samstundes som den sørlegaste delen av langhuskonteksten har blitt forstyrra av nyare tids påverknad i nærområdet til det moderne bustadhuset like vest om Felt 1. Om ein reknar frå den sørlegaste sikre takberande stolpen 2511 til profilkanten i nord, er den påviste lengda på langhuskonstruksjonen ca 24 meter. Men bygningen / -ane har utvilsamt vore lenger.

Det er noko enklare å tolke breidda på langhuskonteksten. Ein har dei tre moglege veggstolpane på vestsida og grøftene 1146/200084 (mot aust) og 1612 (mot vest). Grøftene kan ha fungert anten som vegggrøfter eller dreneringsgrøfter. Slike dreneringsgrøfter pleier å ligge på utsida av veggsløpet, så uansett markerer nok desse grøftene ei grense for den maksimale breidda til langhusfasane. Frå midten av dei takberande stolpane og ut til den nærmaste kanten av desse grøftene er det jamt over ca 2,20 - 2,40 meter. Det er ei om lag tilsvarande lengde frå dei moglege veggstolpane til dei nærmaste takberande stolpane 359 og 510. Dette gjev ei maksimal breidde på bygningen i dette området på ca 7,80 meter, noko som er klart breiare enn normalt for hus frå denne perioden.

7.5.8 Ei enkel branngrav i stolpeholskontekst

Denne strukturen vart oppdaga først ved snittinga av 1028 og uttaket av masse for makrofossilprøve (jf. fig. 23 - 25). Det vart funne eit spinnehjul like ved under opprensinga, men den gjenstanden kan ikkje knytast sikkert til 1986. Slike spinnehjul vert dessutan ofte funne utan tilknytning til graver (jf. fig. 27). Det at 1986 ikkje vart identifisert i plan som gravanlegg, medførte at ein gjekk meir brutalt og raskt fram ved graving av denne strukturen enn kva som ideelt er. Men ein har uansett fått god informasjon ut av gravinga og dokumenteringa av 1028 og 1986, både ved foto, teikning, notatar, funn og prøvemateriale (jf. vedlegg 1, 2, 3, 6, 16).

Sentralt i 1028 låg det øvst i fyllmassa ein ca 30 x 20 cm stor og relativt flat stein (jf. fig. 23). Denne vart fjerna for å mogleggjere snittinga, og det er uavklart om steinen har tilhøyrt gravkonteksten 1986 eller om han har vore del av ei stolpeholskoning. I den vestre kanten av 1028 fanst det derimot ein annan stein som utifrå plasseringa å døme var nytta til slik skoning. 1986 låg i den austre delen, og her verkar det å ha vore restar av eit lite, tilnærma kvadratisk "kammer" med ca 25 cm lange sider, bygd av fire steinar. Steinane var om lag like store, ca 20 cm lange. Situasjonen med steinane er forsøkt "rekonstruert" etter tøminga av nedgravinga (jf. fig. 25). Funnmaterialet knytt til 1986 er kremerte menneskebein (fingerbein frå ein vaksen person) og ein rund, liten tilsota stein som kan ha fungert som amulett / "kosestein" (jf. kap. 9.1 og fig. 26). I tillegg var det innslag av brent leire i den trekolhaldige fyllmassa av brungrå sand og grus.



Fig. 23 St. 1857 (venstre) og grop 1028 etter opprensing. Mot NNV. Fig. 24 Profilsnitt av 1028. 1986 i høyre del. Mot N.



Fig. 25 Undervegs i utgravinga av 1028 og 1986: forsøk på rekonstruksjon av steinar i massa. 1986 til høgre. Mot N.

Det verkar mest sannsynleg utifrå dei stratigrafiske tilhøva at denne grava er frå same tid som langhuset. Det er interessant å samanlikne denne "stolpeholsgrava" med ei branngrav knytt til ein takberande stolpe i Brista nær Uppsala i Sverige (Carlie 2004: 140-141). Her blei det i fyllmassa til stolpeholet funne beinrestar av eit kremert barn og ein dekorert beinkam. Både bygningen og grava vert datert til folkevandringstid, men det er uavklart om grava er frå same tid som huset var i bruk eller om ho var lagt ned rett etter at det hadde blitt øydelagt av ein brann.



Fig. 26 Fragment frå kremerte menneskefingar. Foto: T. Tveit, Am.

7.6 Dokumentasjonsmetodar: innmåling, fotografering, teikning mm.

Det blei nytta Leica digital totalstasjon og databasen Intrasis i samband med dokumentasjonen. Alle innmålte funn og strukturar er såleis tildelt ein identitet med xyz - verdi i høve til eit internasjonalt koordinatsystem (Euref 89). Denne digitaliserte informasjonen kan mellom anna nyttast til å utforme presise oversynsteikningar av tilhøva på undersøkingsområdet (jf. vedlegg 11, 12) og knyte slike teikningar til eksisterande kartmateriale på kommunalt og regionalt nivå. Rådata frå innmålingane og mykje øvrig informasjon frå utgravinga er lagt inn i Intrasis - systemet. Intrasis fungerer både som ein database for lagring av informasjon, og som eit utgangspunkt og verktøy for vidare analyser og tolkingsforslag.

Det vart brukt digitalt speglreflekskamera til å ta bilete av arbeidsprosessar og anleggsspor, både oversynsfoto frå trappestige og meir detaljerte nærfoto i plan og profil. Det blei systematisk ført ei fotobok som har danna grunnlaget for den endeleg utforma fotolista (jf. vedlegg 1).

I samband med snittinga av anleggsspor, blei informasjon om storleik, fyllmasse, tolking mm. fylt inn på såkalla anleggsskjema. Her vart det og laga enkle skisser som forklarte aspekt ved strukturane (jf. vedlegg 2). Nokre anleggsspor vart i tillegg dokumentert nøyare ved hjelp av profildeikningar i målestokk 1:10 (jf. vedlegg 5), dette var såpass tidkrevjande at det berre kunne utførast for visse utvalde strukturar.

7.7 Funninnsamling

Det vart gjort ein del funn av gjenstandar og brente beinfragment (jf. kap. 9, vedlegg 3 - 4). Funnstaden blei målt inn og deretter vart funnmaterialet lagt i posar. Posane blei påført skriftleg informasjon som type gjenstand, dato funnet vart gjort, innmålingsnummer mm. Delar av funnmaterialet vart overlevert til konserveringsavdelinga hos Am for vidare handsaming og analyse.

7.8 Naturvitskaplege prøver

Det blei teke ut ei rekkje jordprøver frå Felt 1 (jf. dei vegetasjonshistoriske problemstillingane i kap. 5). Det er tale om makrofossilprøver, trekolprøver og pollenprøver (jf. vedlegg 6 - 8). For å unngå forureining frå andre kjelder, tok ein prøvene frå masse som låg eit stykke under den framrensa overflata på den aktuelle strukturen. Makrofossil - og trekolprøvene blei lagt i plastboksar, medan pollenprøvene vart teke ut i små glasrøyr. For meir informasjon om prøvetaking, handsaming og analyseresultat, sjå kap. 10 og to rapportar om det botaniske materialet frå utgravinga (vedlegg 7 - 8).

8. Kort om nokre kjeldekritiske aspekt

Både ved RFK si registrering i 2007 og ved utgravinga i 2010, var det tydeleg at terrasseflata fleire stadar var gjennomskoren av nyare tids grøfter. Med unntak av grøfta 844 som inneheldt eit plastrøyr frå brønnen, var grøftene laga for å drenere det fuktige landskapet. Oversynsteikninga av undersøkingsområdet viser korleis fleire av desse grøftene i den nordlege delen av Felt 1 har

øydelagt delar av dei forhistoriske busetnadsspora (jf. vedlegg 12). Den takberande stolpen 368 har truleg danna ei grind saman med ein stolpe som låg akkurat der grøftene 763 og 844 møtest. 763 har også skore vekk noko av den søraustre delen av steinlegginga / gropa 1803. 844 strekkjer seg på tvers av store delar av Felt 1, og har dessverre delt steinlegginga / golvet 738 i to. I samband med dette har også den austre takberande stolpen i grinda med 359 blitt fjerna. 844 har også påverka dei etterreformatoriske grøftene 794 og 813. Grøfta 699 har på liknande vis øydelagt noko av 738 og stolpeholet 682 / 2535, medan grøfta 722 kan ha fjerna eit grindpar der 2070 har vore med.

Funnet av eit dekorert skår frå spannforma leirkar (folkevandringstid) i omrota masse rett aust om den nyare tids jordkjellaren på Felt 1, indikerer at det kan ha funnest jernalderske busetnadsspor også her. Men sjølve jordkjellaren og dei truleg etterreformatoriske strukturane like ved han (steinsett grøft 332 og eldstadsrestane 321 og 347), kan ha sletta slike spor.

På den nordlegaste delen av undersøkingsområdet, stod det eit lite skur frå det forrige hundreåret (jf. fig. 10). Dette vart rive for hand for å få fram mest mogleg av langhuskonstruksjonen. Den vidare utgravinga viste at aktivitetar knytt til bygginga og bruken av skuret hadde påverka torv- og jordlaget her, massane var omrota og det var eit stort innslag av ymse moderne skrot. I området mellom eldstad 1652 og stolpehol 1644 hadde ei form for illeluktande oljesøl sige ned i undergrunnsmassa. Men alt i alt var ikkje anleggsspora forstyrta i nemnande grad, mykje fordi skuret var utan noko form for solid fundament.

Dei to spinnehjula som blei levert inn i 1960 (jf. fig. 27), vart funne ved pløying. Pløyinga har mest truleg foregått på den aktuelle terrasseflata. Moglegvis har pløyinga vore konsentrert om den tørraste delen mot nord og nordvest, men det blei ikkje påvist sikre plogspor ned i undergrunnen ved den arkeologiske undersøkinga.

9. Funnmaterialet

9.1 Funn knytt til enkel kremasjonsgrav i struktur 1986 (S 12621)

Fragment av kremerte menneskebein og ein mogleg amulettstein er tolka å tilhøyre ein gravkontekst lokalisert innan området for treskipa langhus. Desse funna er katalogisert under museumsnummer S 12621. Sjå katalogen (vedlegg 4) og funnlista (vedlegg 3) for detaljinformasjon.

Beinmaterialet (S 12621.1) stammar frå sålda masse frå den austlege delen av gropa 1028 og grava 1986, det var ved utgravinga relativt vanskeleg å sjå eit klart skilje mellom dei to strukturane (jf. kap. 7.5.8). Det blei funne rundt 8 gram med brente bein og det er påvist to sikre fingerbein og eit tredje, truleg fingerbein (jf. fig. 26). Fingerbeina stammar frå ein vaksen person. Dei resterande fragmenta er ikkje mogleg å definere nærmare. Analysa av beinmaterialet er gjort av osteoarkeolog Sean D. Denham.

Den moglege amulettsteinen (S 12621.2) er liten og strandrulla, med sotflekkar. Han vart påvist nede i den aktuelle gravkonteksten 1986 undervegs i utgravinga. Liknande steinar, ofte kalla "kosesteinar", er funne i ei rekkje graver tidlegare.

9.2 Funn frå det øvrige busetnadsområdet ved treskipa langhus (S 12606)

Det vart gjort ein del gjenstandsfunn ved opprensing og utgraving på Felt 1. Funna kan grovt sett knytast til tre område: konteksten med treskipa langhus, kokegropar aust om langhus og dei to steinsette, etterreformatoriske grøftene vest om langhus. Desse funna er katalogisert under museumsnummer S 12606. Sjå katalogen (vedlegg 4) og funnlista (vedlegg 3) for detaljinformasjon.

9.2.1 Funn påvist innan treskipa langhus

Dette funnmaterialet omfattar eit spinnehjul av kleber, eit vevlodd av leire, to bryner av kvartsitt, skår frå både spannforma, klebermagra leirkar og andre typar, enklare leirkar, ein mogleg slipestein av bergart, eit jernfragment, ein del brente bein (truleg matavfall) og to bevarte restar av treverk frå takberande stolpar frå treskipa langhus. Berre spinnehjulet, vevloddet og den spannforma keramikken vert omtala nærmare her.

Spinnehjulet (S 12606.1, jf. fig. 28) vart funne ved overflateopprensing i nærleiken av grop 1028 / grav 1986. Gjenstanden kan ikkje sikkert knytast til sjølv gravstrukturen. Spinnehjulet er av ein annan type enn dei to som vart funne i nærområdet rundt 1960 (jf. fig. 27). Rett nok var eit av dei (S 8643 b) også skore ut av kleberstein og relativt skiveforma, men S 12606.1 er både større i diameter og tynnare. Både S 8643 a og b og S 12606.1 stammar typologisk sett etter alt å døme frå



Fig. 27 S 8643 a og b (venstre). Foto: Terje Tveit, Am. Fig. 28 S 12606.1. Foto: Nathalie Hanna, Am.

perioden 1 - 550 e. Kr. Skåra frå spannforma leirkar i same område indikerer ein meir presis datering til folkevandringstid (400 - 550 e. Kr.) for S 12606.1.

Vevloddet (S 12606.4, jf. fig. 29 - 30) blei påvist ved snitting av takberande stolpe 450 tilhøyrande treskipa langhus. Like inntil stolpeholet, på sørsida, var det ei lita, grunn grop som inneheldt restane av eit vevlodd av ubrent leire. Vevloddet var ganske godt bevart, men skjørt. Det verkar å ha vore av ubrent eller lite brent leire. Den delvis oransje fargen på overflata av vevloddet indikerer varmpåverknad, men det er uavklart om dette stammar frå produksjonen av gjenstanden eller frå ein seinare hending som til dømes ein brann. Vevloddet blei teke inn til Am, men kollapsa seinare til bitar av leire under konservering. Berre dei største bitane er teke vare på og katalogisert. Det er sannsynleg at vevloddet er lagt ned ved stolpen som eit husoffer. Eit veldokumentert døme

på slik nedlegging av "offergåve" er frå eit treskipa langhus frå Talgje i Finnøy kommune (jf. Hemdorff 1993).



Fig. 29 St. 450 (venstre) og vevlodd S 12606.4 in situ. Mot ØNØ. Fig. 30 Vevlodd S 12606.4 før transport til Am.

Skåra frå spannforma leirkar (S 12606.5) blei funne i strukturar knytt til treskipa langhus. Det einaste unntaket var fnr. 200052, dette skåret blei påvist i omrota masse lenger S på Felt 1, like ved den nyare tids jordkjellaren. Eit skår (fnr. 200057) vart funne ved sålding av masse frå grop 1028 / grop 1986. På grunn av den noko diffuse konteksten, har ein valt å ikkje tolka skåret som tilhøyrande grava. Det er tale om i alt 26 klebermagra skår, majoriteten med prikk- og /eller strekdekor. Det er brukt kleber som magring i desse leirkara. Fire av skåra er randskår, eitt større stammar skår frå botn/vegg. Det lét seg dessverre ikkje gjere å kome med ei nærmare typologisk datering for dette materialet enn folkevandringstid (400 - 550 e. Kr.), skåra er for små og dekoren for enkel til å gje noko meir presis tidfesting innan denne perioden.

9.2.2 Funn frå område med kokegropar aust om treskipa langhus

Funnmaterialet herifrå er fåtallig, det dreier seg om eit brynefragment, noko enkel buplasskeramikk og eit jernfragment.

9.2.3 Funn frå område med etterreformatoriske grøfter vest om treskipa langhus

Gjenstandsmaterialet som er påvist i tilknytning til desse to grøftene, stammar frå etterreformatorisk tid (1537 e. Kr. - notid). Det vart funne eit omfattande antal korroderte jernfragment i form av spikrar, tener og klumpar, eit fragment av samanrulla bronse, noko slag, glasbitar og eit par kritpipefragment. Bitane frå glas og kritpiper vart ikkje teke vare på. Funnet av ein bronseknapp (jf. fig. 31 - 32) med kong Christian 7. av Danmark - Norge (monark i perioden 1766 - 1808) sitt monogram, peikar mot ei brukstid for grøftene i tiåra rundt 1800.

Gjenstandane frå desse grøftene er såleis ikkje gamle nok til å vere automatisk freda, men dei er likevel samla inn og katalogisert sidan dei fortel om fortidig aktivitet her i perioden mellom jernalder og notid og sidan sjølve funksjonen til grøftene er uavklart. I tillegg vart det funne eit

bakstehellefragment frå vikingtid - mellomalder i sørenden av grøft 794, det er truleg attbrukt som fyllmasse i grøfta (jf. fig. 33).



Fig. 31 Bronseknapp S 12606.7 etter konservering. Foto: Nathalie Hanna, Am. Fig. 32 Christian 7. sitt monogram



Fig. 33 Bakstehellefragment S 12606.3 i sørenden av grøft 794, fragmentet er snudd. Mot NNØ.

10. Det naturvitskaplege materialet

10.1 Botaniske analyser

Lista i vedlegg 6 viser kortfatta informasjon som kva slag naturvitskaplege prøver som vart teke ut og kva strukturar prøvene kjem frå. Botanikar Christin Jensen ved Am har utforma ein eigen botanisk rapport (Oppdragsrapport 2011/14) som detaljert forklarar arbeidsprosessar og analyseresultat knytt til dette prøvematerialet frå Fedjedalen. Denne rapporten er inkludert her som vedlegg 8. I tillegg har Jon Amundsen ved Am har vedartsbestemt utvalt materiale frå Fedjedalen (Oppdragsrapport 2011/02), sjå vedlegg 7 til denne rapporten. Analysearbeidet til Amundsen viser mellom anna at dei to bevarte stolperestane frå det treskipa langhuset, var frå furu. I dette kapitlet vil det berre bli vist til den samanfattande konklusjonen til Jensen:

”Resultatene fra de botaniske analysene tyder på at det har vært korndyrking med bygg, muligens også dyrking av lin, og husdyrbeite i en bofase som er eldre enn merovingertid. Den kan være samtidig med langhusene, dvs folkevandringstid. Området har også vært brukt som beite tidligere enn dette, da landskapet var mer skogkledd. Dette har vært en blandingsløvskog med bjørk, or og hassel, og innslag av eik og lind. Det har også vokst furu i området.” (Jensen 2011, s. 17).



Fig. 34 Takb. st. 359; skoningssteinar og treverk in situ. Mot SØ. Fig.35 Framrensa stolperest frå st. 359. Foto: T. Tveit, Am



Fig. 36 Framrensa stolperest frå st. 359. Foto: T. Tveit, Am

10.2 Om beinmaterialet

Det har ikkje blitt utført noko omfattande analyse av alt materialet av brente beinfragment som vart samla inn, mesteparten er etter alt å døme dyrebein frå matavfall. Men osteoarkeolog Sean D. Denham har identifisert kremerte fingerknoklar (to sikre og ein sannsynleg, S 12621.1) frå ein vaksen person frå struktur 1986 (jf. kap. 7.5.8 og fig. 26).

10.3 14C - dateringar

To utvalde prøver er sendt til 14C - datering (jf. vedlegg 6 og 18). Den eine prøva er frå ei av bruksfasane innan sentraleldstodområdet 1620, den andre er frå bevart treverk frå den takberande stolpen i stolpehol 359. Dateringsresultata viser at stolpen i 359 stammar frå eit tre som vart hogd innan perioden 211 - 350 e. Kr. (dvs. yngre romartid), medan trekolet frå eldstaden 1620 er frå tida 329 - 435 e. Kr. (dvs. yngre romartid - folkevandringstid).

11. Tolking

Den arkeologiske undersøkinga utført i Fedjedalen i løpet av juni 2010, avdekte spor etter fleire typar fortidig menneskeleg aktivitet her (jf. vedlegg 11 - 14).

Det botaniske prøvematerialet viser at det har foregått korndyrking og husdyrbeiting i nærområdet før merovingartid, det kan moglegvis også ha blitt dyrka noko lin.

Anleggsspor på den tørraste delen av flata viser at det har stått treskipa langhus her, anten ved minst to fasar av same bygningen eller ved at to separate bygningar har etterfølgt kvarandre på tilnærma same staden. 14C - dateringane og påvisning av skår frå spannforma leirkar i nokre desse anleggsspora, indikerer at langhusa var i bruk i løpet av yngre romartid og folkevandringstid. Inne blant anleggsspora knytt til langhusa fanst det også restar av ei enkel kremasjonsgrav med beinrestar frå ein vaksen person. Det verkar mest sannsynleg utifrå dei stratigrafiske tilhøva at denne grava har hatt ei tilknytning til huset.

På austsida av langhuskonteksten fanst det to samlingar av kokegropar. Ei av kokegropene i samlinga lengst mot sør, er datert til merovingartid (jf. Krøger 2007). Det er uavklart om også dei andre kokegropene her er frå denne tida, eller om nokre av dei stammar frå samstundes med eller før langhusa. Fleire av kokegropene i den sørlegaste samlinga var gravne ned i fuktig, myrete jordmasse.

På vestsida av langhuskonteksten låg det nokre spreidde stolpehol og bålflekkar, men det som skilde seg ut var to større og ei lita steinfylt grøft med noko brent masse og funn frå etterreformatorisk tid (ca 1800). Ein bit frå ei bakstehelle vart påvist i ei av grøftene, denne gjenstanden frå vikingtid eller mellomalder er truleg attbrukt som fyll i grøfta.



Fig. 37 Oversynsfoto av langhus. Markører på takb. st. og eldstadar, og grøftene 1101, 1128, 1146 og 1612 markert med band. Mot NNV.

12. Formidling og publikumskontakt

Det blei ikkje halde noko organisert form for publikumskontakt av typen "Open dag / Møt arkeologane" i samband med undersøkinga i Fedjedalen. Men det vart publisert to avisartiklar i Haugesunds avis med tekst og foto som fortalde om utgravinga (jf. vedlegg 17). Marthe Synnøve Johannessen og Harald Nordbakken frå avisa var på undersøkingsområdet samstundes med Olle H. Hemdorff frå Am og representantar for utbyggerane Berge Sag og Trelast A/S den 25. 06. 2011. Hemdorff orienterte om utgravinga og viste fram enkelte anleggsspor og gjenstandsfunn. Berge Sag og Trelast A/S har for øvrig syntest at utgravingsresultata var spennande, og har presentert nokre foto frå undersøkinga på heimesida si.

Interesserte personar frå lokalmiljøet og øvrige forbivandrande stilte ein del spørsmål om Fedjedalen spesielt og arkeologiske utgravingar generelt, og fekk svar etter beste evne frå ein av feltarkeologane.

Fedjedalen vart omtala i samband med at Arkeologisk museum / UiS laga nokre korte presentasjonar på heimesida til muséet om dei ulike utgravingsprosjekta som fann stad i sesongen 2010.

13. Litteratur og korrespondanse

- Amundsen, J. 2011 *Vedartsbestemmelse av trekull frå Fedjedalen, Haugesund kommune*
Oppdragsrapport 2011/02, Am / UiS
- Carlie, A. 2004 *Forntida byggnadskult. Tradition och regionalitet i södra Skandinavien*
RAÄ, Arkeologiske undersökningar, Skrifter No 57., 2004, s. 139 - 141
- Hemdorff, O. 1993 *Hus frå eldste bronsealder funnet på Talgje*
I frå haug ok heiðni nr. 4, 1993, s. 24 - 26
- Jensen, C. 2011 *Fedjedalen, gnr. 3, bnr. 75, Haugesund k. Botaniske analyser av
forhistorisk boplass*
Oppdragsrapport 2011/14, Am / UiS
- Johnsrud, G. 1995 *Rapport om arkeologiske undersøkelser utført som oppdrag av
Arkeologisk museum i Stavanger i forbindelse med fylkeskommunens
plansaksbehandling*
Upublisert rapport skriven for AmS etter synfaring og prøvestikking i
samband med forslag til reguleringsplan for Skåredalen Sør, RL 1162.
- Krøger, J.F. 2007 *Kulturhistorisk registrering i Haugesund kommune. Gnr. 3, bnr. 75*
Upublisert rapport for Rogaland fylkeskommune, Kulturseksjonen
- Sørheim, H. 2009 *Prosjektplan for arkeologisk undersøkelse av ID 114877 samt funnsted
ID 43969*
Skriven i samband med reguleringsplan RL 1548 for Fedjedalen, øvre del,
Haugesund kommune. Upublisert skriv frå Am / UiS
- Vevatne, K. 1998a *Rapport frå arkeologisk flateavdekking i samband med kommunedelplan
Ny bydel i Skåredalen, Haugesund kommune.*
Gnr. 3, Bnr. 1,2,3,4,7,8 og 21. Gnr. 4, Bnr. 2,5
Upublisert rapport for Rogaland fylkeskommune
- Vevatne, K. 1998b *Rapport frå ytterlegare arkeologiske undersøkingar i Skåredalen*
Upublisert rapport for Rogaland fylkeskommune
- Vevatne, K. 2000 *Rapport frå ytterlegare arkeologiske undersøkingar i Skåredalen*
Upublisert rapport for Rogaland fylkeskommune

For øvrig informasjon frå Askeladden og Topografisk arkiv hos Am/UiS.